

Uskedeling på kristent skuleskip

02.07.2011



Ronny Stensletten foran Gann etter ankomst Rosendal

I ettermiddag var det ein stor båt på tur inn gjennom Storsundet som helsa Uskedalen så det ljomma mellom fjella.

**Det var skuleskipet Gann, som er eit kristent skulesip og helsinga var frå ein uskedeling som inngår i mannskapet
Det er Ronny Stensletten (22), som er matros..**

Gann, som om sommaren er i cruisefart, var underveis til Rosendal.

Kloikka 23 i kveld forlet han baronibygda og Haugesund og Stavanger er dei neste stoppestadane før det mellom anna ber i vesterled utover sommaren - til Shetland, Orknøyane, Færøyane og Skottland.

Også Nidaroscruise i samband med olsok står på programmet. Båten, som allereie har vore ein tur til Nordkapp, er den tidlegare hurtigruta Narvik. Han vart bygd i 1992 og gjekk langs norskekysten til i 2007 då Rogaland sjøguttskule tok over.

- Gann er svært populær som cruisebåt og passasjerane kjem frå heile landet. Det er særleg mange eldre, fortel Ronny medan dei reisande myldrar ut og legg avgarde med Baroniet som mål.

Ronny har allereie nådd langt i si utdanning trass i sine unge år. Han har til dømes teke skippareksamen,

MS Gann har eit mannskap på 86 og er på rundt rekna 6500 tonn. Det er plass til 105 elevar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Gann ruvar i Rosendal